

ÅRSMELDING 2016

FOR

RADØY SKYTTARLAG

Årsmøte vart halde den 10 januar 2016 i Radøyhallen.

I meldingsåret har styret vore samansett slik:

Kornelius Manger	Formann	(På val)
Andrè Michelsen	Nestformann	(På val)
Arnfinn Halland	Kasserar	
Martin Soltveit	Materialforvaltar	(På val)
Magne Arild Rath	Styremedlem	
Harry Helland	1 varamedlem	(På val)
Jan Kjetil Vikøren	2 varamedlem	(På val)

Styret har hatt 7 møte og handsama 33 bokførde saker.

Aktiviteten ute varierer. Mange jegrar nyttar bana i Stokkedalen. Me har plass til mange fleire og det er å håpa på at aktiviteten i året som kjem vert enno større. Ein kveld for veka var det skyting for dei under 18 år. Oppmøte varierte. Her må me verta bedre på å marknadsføra tilbodet forå få med fleire. I Radøyhallen varierer aktiviteten. Når fotballsesongen nærmar seg er det færre som møter opp til skyting. Blant seniorane er aktiviteten laber innandørs.

Laget har arrangert fleire premieskytingar for dei yngste med varierende tal deltakarar. Me har og premiert dei yngste som har delteke på treningsskytingane, i hallen og på bana ute. Skytingenes dag vart arrangert 5 juni i samarbeid med NPK og NJFL. Oppmøte kunne vore bedre men arrangementet var vellukka. Laget har og arrangert to karusellstemner i Høyland Auto cup, med ca 85 deltakarar totalt. Det vart arrangert opningsskyting 1 mai. Harry Helland vart vinnar. Det vart og arrangert lagsmeisterskap med Andre Michelsen som vinnar og Bjarne Solbakken som nr. 2.

Talet på storviltjegrar er om lag det same som i 2015. Me hadde eit håp om at enno fleire ville skyta hjå oss i 2016, men det skjedde ikkje. Me vonar fleire vil nytta anlegget i året som kjem. Med betre marknadsføring bør dette vera mogeleg

Bana på Manger er lagt ned, og laget her fråskrive seg rettar og plikter i området frå 1 januar 2017. Det er gjort avtale med grunneigarane som har innstallasjonar på sin eigedom om avvikling. Dei andre grunneigarane er tilskrivne og orientert om vedtaket.

Også dette året er det lagt ned mykje arbeid på anlegget. Arbeidet med 100 m standplassbygg har starta. Tomta er ferdig utsprengd og stein frakta bort. Grunn til 6 skiver er ferdig støypt og det er gjort vedtak om kjøp av material til dette. Det er lagt ned svært mange dugnadstimar, både med administrative saker, arbeid med standplass og grav 100 m og drift av anlegget.

Det er sendt fornya søknad om spelemidler for 100 m riflebane. Laget har fått utbetalt midlar bevilga av Radøy kommune. Resten av bidraget frå DFS til kjøp av grunn har også vorte utbetalt i 2016.

NPK har signert samarbeidsavtale med Radøy Skyttarlag. NPK har og betalt inn sin del av kostnadene med opparbeiding av veg parkeringsplass m.m. Dermed er dei fire laga som i utgangspunktet skulle vera med å byggja ut skyteanlegget i Stokkedalen med vidare.

Vegen inn til anlegget, parkeringsplass og 100 m standplass er midlertidig godkjent for eit nytt år fram til sept 2017.

Me søkte om ei mindre endring av reguleringsplanen for å få godkjenning av parkeringsplassen slik den er i dag, men den søknaden vart ikkje handsama av kommunen. Laget har ikkje gjort noko meir med denne søknaden

Også i 2016 har arbeidet med den nye bana teke mykje tid. Som nemd tidlegare har me kome godt i gang med anlegget, men svært mykje står att. Økonomien til laget er god, etter at tilskot er utbetalt, og NPK betalte sin del av felleskostnadene. Slik me vurderer det i dag maktar me å ferdigstilla 100 m riflebane. Det må føreliggja ferdigattest på anlegget før me får utbetalt spelemidler og momskompensasjon for dette. Desse tilskota er viktige for den vidare utbygginga, og det er difor viktig at 100m vert ferdig så snart som mogeleg. Me trur medlemmene i laga er villige å gjera jobben som skal til for å få anlegget ferdig, men det krev god organisering av dugnadsarbeidet.

I året som kjem må ein prøva å få inn sponsormidler til anlegget. Aktuelle firma må tilskrivast. Skal ein koma vidare må ein lukkast med å få inn midlar utanfrå.

Til slutt vil styret takka for samarbeidet i året som gjekk, og ønskja lukke til å det nye året.

Manger den 27 desember 2016.

Fo styret i Radøy Skyttarlag

Kornelius Manger

Form.